

Fykkesund Landskapspark

Prosjektplan

1. Bakgrunn

Området Fykkesund har ein spesiell karakter og eit spesielt særpreg. Aktivt sauehald- og fruktproduksjonsmiljø har utmerka seg i eit unikt kulturlandskap, og regionen har eit spesielt fokus i landbruksplanen for Kvam og tiltaksplanen for SMIL- og NMSK- midlar. Matfordelings-, serverings- og reiselivsnæring er også utvikla dei seinare åra, med fleire verksemdar som satsar aktivt med landskapet som viktig ressurs for opplevinga dei tilbyr. I bygdene på begge sider av Fykkesundet er det eit godt samhald og aktivt organisasjonsliv. Bønder på gardane Fykse og Bjørke fekk fylkesmannen i Hordaland sin kulturlandskapspris i 1999 og på vestsida av sundet finns aktivitetar innan områdetiltak. Landskapsparken strekkjer seg frå Steinstø over Botnen fram til Rykkje, og bind saman begge sider av sundet. Eit framtidig samarbeid gjev grunnlag for bærekraftig næringsutvikling.

2. Prosjekt mål

Fykkesund Landskapspark skal styrkje regionen si utvikling, attraktivitet og identitet, slik at trivsel for lokalbefolkninga og turistar aukar. Landskapsparken vil ikkje bli knytt til eit verneområde og regionen vil også i framtida være eit område forma av lokalbefolkninga. Målsetjinga er å vedlikehalda landskapet, slik at det også i framtida er eit ope landskap og aktivt landbruk.

Organisert samspel mellom landbruk, kultur og reiseliv skal stimulere bærekraftig næringsutvikling, som brukar naturen og kulturlandskapet aktivt som ressurs. Ein bestemt prosent-del av inntekta i landskapsparken skal gå tilbake til landbruket og skal støtte arbeidet med landskapspleie. Med Fykkesund Landskapspark skal det etablerast ein langvarig organisasjon som garanterer ein sjølvstendig landskapspark ut over prosjektperioden i 2008.

2.1 Prosjektets hovudmålsetjinga

Hovudmålet med Fykkesund Landskapspark er å marknadsføre regionen og sal av lokale varer og tenester. Det skal utviklast nye produkt med kvalitet, særpreg og med eit opplevingselement i seg. Lokalt kulturlandskap og næringsutvikling skal først i nye samanhengar og småskala reiseliv skal støttast med å:

”Utvikle, etablere og drive eit turnett på og langs Fykkesundet i geoturismens ånd”

- Frå fjord til fjell
- Til fots, på hesteryggen eller sykkel
- Med robåt, kajakk eller kano
- For alle aldersgrupper og heile familien, nordmenn og utanlandske turistar
- For ein- eller fleirdags opplevingar

I høve til geoturisme og miljøvennlig utvikling, skal all aktivitet som vert utført aktivt av turistane sjølve basera seg på umotorisert transport. Biltrafikk gjennom landskapsparken skal ikkje auke.

2.2 Delmål for prosjektet

For å nå det overordna målet med Fykkesund Landskapspark er det sett opp ulike delmål både på kort og lang sikt. Delmål er å:

- Auka skogsrydding langs veier
- Gi regionen kompetansetilbod innan t.d. landskapsskjøtsel eller felles søknader
- Gjere landskapet meir tilgjengeleg for gjester og fastbuande
- Marknadsføre området og sal av produkt frå Fykkesund

2.2.1 Delmål på kort sikt

Delmål for prosjektet innan 2007 er å:

- Kartleggja skogsryddingsplanar og hogst langs veier
- Kartleggja gang og sykkelstiar i området og å rydde og merke stiar med Fykkesund landskapspark spesifikk merknad
- Kartleggja båttransportnettet på Fykkesundet og å etablere drifta
- Kartleggja større prosjektdel som skal setjast i gang i 2008 og framover
- Kartleggja parkeringsmogelegheiter og andre infrastrukturutfordringar
- Ansetja kompetansepersonar innan service til landbruksforvaltning (framtidige felles søknader), guiding, booking og marknadsføring
- Kartleggja mogelegheiter for nye framtidsette næringar utanfor ren reiseliv som f.eks. foredling og sal av lokale råvarer

2.2.2 Delmål på langt sikt

Delmål for prosjektet innan 2008 og framover, er å utvide opplevingstilbod og å styrkje parken og parken sin organisasjon. Mål er til dømes å:

- Etablere nye gang og sykkelstiar (turløyper og rundturar) som f. eks. Hodnaberg – Botnen eller Rykkje – Soldal – Kvamskogen og å etablere drift av sykkelutleige
- Utvide båttransportnett og å etablere nye anleggsplassar
- Auka overnattingsmoglegheiter i området
- Auka guidingstilbod til alle aldersgrupper som f. eks. tematurar innan natur eller kulturhistorie gjennom landskapsparken
- Auka sal og produksjon av lokale varer, spesiell matvarer
- Etablere / støtte nye næringar

3. Organisering av prosjektet

Hovudorganisasjon i landskapsparken er ”Fykkesund Landskapspark”. I begynninga av 2007 skal det finnast ein endelig organisasjonsform for landskapsparken som skal være eit samarbeidsorgan for næringsdrivande, lokalbefolkninga og turistar. Det styrande organ i Fykkesund Landskapspark skal være eit folkevalt styre av 5 eller 7 medlemmer. Det administrerande organ skal være ein ekstern prosjektleiar eller ei prosjektleiargruppe av 2 til 3 personar som vert valt av styret. Prosjektet sine utførande organ er ulike arbeidsgrupper.

3.1 Ansvarsforhold

Tur- og sykkelstinet i Landskapsparken vert eigd av alle grunneigarane. Det er høve til å involvere andre reiselivsaktørar frå Kvam i Fykkesund Landskapspark (med til dømes 20%). Fykkesund Landskapspark har arbeidsområdar innan:

- Forvaltning av prosjektmidlar
- Fordeling av inntekta i landskapsparken mellom alle aktørar
- Kompetansetilbod til eiga drift og landskapstiltak
- Marknadsføring, produktpakking, guiding og booking
- Knutepunkt mellom lokalbefolkninga, prosjektet og offentlig forvaltning
- Kontakt til andre norske og utanlandske landskapsparkar

3.1.1 Forvaltning av prosjektmidlar

Fykkesund Landskapspark opprettar eigen konto der offentlege prosjektmidlar forvaltast.

3.1.2 Fordeling av inntekta i landskapsparken mellom alle aktørar

For å fordele pengestraumen mellom alle aktørane skal ein viss prosentdel av inntekta frå alle næringsdrivande innan landskapsparken betalast inn i ein felles kasse. Næringsdrivande skal kunne leggje på aktuelle prisar med ein bestemt prosentdel som kan sjåast som ein skatt eller ”kurtaxe” for landskapsparken. Dersom kurtaxen støtter Fykkesund Landskapspark aktivt skal den marknadsførast i seg sjølv.

3.1.3 Kompetansetilbod til eiga drift og landskapstiltak

Fykkesund Landskapspark skal tilsetje ein eller fleire kompetansepersonar som har oversikt over kva støtte ein kan få til ulike tiltak, og som er ansvarleg for å søkja om desse. Den enkelte næringsdrivande skal få hjelp og gjennom argumentet ”landskapspark” vil det koma fleire midlar inn i regionen enn i dag.

3.1.4 Marknadsføring, produktpakking, guiding og booking

Fykkesund Landskapspark skal marknadsføre turstinettet og selje opplevingar via eit turist- og bookingskontor. Gjennom ”pakketurar” med fleksible modular kan kunden sjølv velje kva slags produkt han ønskjer å kjøpe. Produkta skal omfatte aktivitetar, lokal mat/servering og overnatting.

3.1.5 Knutepunkt mellom lokalbefolkninga, prosjektet og offentlig forvaltning

Fykkesund Landskapspark er i samanheng med landskapsparken eit direkte kontaktpunkt til lokalbefolkninga. Organisasjonen har dessutan i si administrerande oppgåve ansvaret for å halde kontakten til offentlig forvaltning og til forskingsmiljøet for å garantere kvalitetssikring.

3.1.6 Kontakt til andre norske og utanlandske Landskapsparkar

Fykkesund Landskapspark skal samarbeide med andre Landskapsparkar i Hordaland for å benytte seg av synergieffektar. Organisasjonen skal dessutan opprette eit nettverk til utanlandske landskapsparkar for å lære frå andre modellar og for å nytta seg av best- practice sharing.

3.2 Styre

Ansvarleg for framdrift og gjennomføring av det lokale prosjektet er styret i Fykkesund Landskapspark. Styret skal bestå av 5 eller 7 lokalt forankra medlemmer som representerer best mogeleg alle ulike interessegrupper innanfor landskapsparken. Styret skal veljast på folkemøte.

3.3 Prosjektleiing

Ansvarleg for prosjektet sin administrasjon er ein lokal prosjektleiar / prosjektleiargruppe som vert tilsett av styret. Konkrete oppgåver for prosjektleiar skal definerast av styret.

3.4 Arbeidsgrupper

Ansvarleg for utføring av konkret prosjektinnhald er forskjellige tematiske og geografiske Arbeidsgrupper innan f.eks. ”Landbruk og kulturlandskap”, ”Næring og turisme” og ”Marknadsføring”. Arbeidsgruppene er opne for alle interesserte.

4. Potensielle samarbeidspartar

- Alle grunneigarar i området
- Alle som driv reiseliv i området
- Alle interesserte innbyggjarar i området
- Hotella i Øystese og Norheimsund
- Dei som driv med hytteutleige og andre former for reiselivsverksmed i eit naturleg samarbeidsområde
- Andre norske og utanlandske landskapsparkar
- Statens Vegvesen

Fykkesund Landskapspark

Handlingsplan for 2007

1. Rekkjefølgje og milepælar i prosessar: første halvdel 2007

1. Interimstyret presenterer prosjektplan og handlingsplanen for 2007 på folkemøte den 11. januar 2007.

2. Dersom prosjektplan og handlingsplanen vert godkjent på folkemøte skal desse sendast ut til Fylkesmannen i Hordaland før 15.januar 07.
3. Etter folkemøte skal det avhaldast lokale møter i grenda og grunneigarlag for å diskutere planane og gi folk høve til å uttale seg dersom det ikkje vart gjort på folkemøte.
4. Det skal avhaldast eit nytt folkemøte den 05. mars 2007 kor eit endelig styre i Fyksesund Landskapspark skal veljast.
5. Endelig organisasjonsformer i Fyksesund Landskapspark skal opprettast.
6. Oppstart av konkret arbeid med delmål i landskapsparken.

2. Delmål for prosjektet innan 2007

2.1 Auka skogsrydding langs veier

- Kartleggja skogsryddingsplanar og setja opp prioriteringa
- Søke om midlar til skogshogst; kontakta Statens Vegvesenet og andre kjelder
- Vurdera mogelegheita for å kjøpe felles slå utstyr; meir moderne driftsteknikk utan at dette kjem i konflikt med målet i landskapsparken; avtalar med grunneigarane
- Setja i gang med skogshogst

2.2 Gi kompetansetilbod til eiga drift og landskapstiltak

- Opprette eit kontorplass og tilsetje ein kompetanseperson innan arbeidsområdet støttemidlar til landbruk, landskapskjøtsel og reiselivsverksmed
- Setja i gang med å søke om felles midlar til landskapspark regionen som totalt er høgare enn i dag

2.3 Gjera landskapet meir tilgjengeleg for gjester og fastbuande

- Kartleggja landskaps- og opplevingsressursar i området med prioritering på kort og lang sikt
- Produsere skilt, informasjonstavler og kart som viser stiar, løyper, mat- serverings- og overnattingsmogelegheiter og andre sentrale opplevingstilbod
- Setje i gang med å rydde og merke gang- og sykkelstiar
- Leggje til rette for båtlutleige tilbod

2.4 Marknadsføre området og sal av produkt frå Fyksesund

- Tilsetje servicepersonar innan guiding og booking; turistinformasjonskontor i sesongen
- Tilsetje kompetanseperson innan marknadsføring; design og etablering av informasjonsmateriale på nett og brosjyremateriell
- Organisere felles sal av produkt frå Fyksesund; spesielt innan lokalt mat
- Kartleggje mogelegheiter for produksjon og sal av nye regionalspesifikke produkt og souvenirar

3. Organisering av prosjektet

3.1 Etablering av endelig organisasjonsform i Fyksesund Landskapspark

- Omregistrere den noverande organisasjon "Fyksesund Landskapspark" til den selskapsforma som blir bestemt av styret.
- Opprette eit kontor til administrasjonsarbeid og kompetansepersonar
- Setje i gang med konkret prosjektarbeid og administrasjon (sjå prosjektplan 3.1 – 3.1.6 og handlingsplan for 2007 2.1 – 2.3)

3.2 Styre

- Folkemøte vel endeleg styre i Fykkesund Landskapsark
- Setje i gang med arbeidet i styret (sjå prosjektplanen 3.2)

3.3 Prosjektleiing

- Styret i Fykkesund Landskapsark tilset ein lokal prosjektleiar
- Setje i gang arbeidet i prosjektleiinga (sjå prosjektplanen 3.3)

3.4 Arbeidsgrupper

- Initiert av styret og prosjektleiing etablerast opne tematiske og geografiske arbeidsgrupper innan til dømes "Landbruk og kulturlandskap", "Næring og turisme" og "Marknadsføring"
- Setje i gang arbeidet i arbeidsgruppene (sjå prosjektplanen 3.4)

4. Samarbeidspartar

- Gjere forpliktande avtalar med samarbeidspartar
- Setje i gang med konkret samarbeid (sjå prosjektplan 4.)

5. Veien vidare i 2008

Handlingsplan for 2008 med fokus på å:

- Forsterke den landskapsbaserte næringsutvikling, attraktivitet, identitet og rolle i nasjonal og internasjonal samanheng
- Utvide opplevingstilbod som etablerast i 2007
- Setje i gang (gå vidare) med større prosjektdelar som er vorte kartlagt i tidlegare prosjektperiodar; til dømes nye gang og sykkelstiar, nytt kai anlegg, nye servicetilbod eller fleire overnattingstilbod.

6. Veien vidare fram til 2010

Med organisasjonen som vert etablert i prosjektperioden 2007 / 2008 skal Fykkesund Landskapsark etter 2008 være uavhengig. Den opne prosessen, informasjon til lokalbefolkninga og samarbeid mellom alle aktørane gjennom prosjektperioden og framover skal forankre Fykkesund Landskapsark i regionen slik at det vert eit felles ønskje å oppretthalde parken. Attraktiviteten som boområde skal auke.

Viktige bærebjelkar skal være det "felles kasseapparat" (kurtaxe) og kompetansepersonen som søker om midlar i fellesskap. Fykkesund Landskapsark skal på lang sikt leggje til rette for ekstra inntekter innan landbruk og etablerte næringsverksmeder, samtidig som den skal støtte nye verksmeder innan reiseliv/geoturisme og andre framtidige næringar

Frem til 2010 skal Fykkesund Landskapsark være eit merkevareomgrep som er kjent i inn- og utland og som generer bærekraftig næringsutvikling.

| Aktør | Aktivitet | År 2.007 | År 2.008 | Sum |
|---|--|-------------------------------------|---|--|
| Interimstyre | etablering av Landskapsparken | 30.000 | | 30.000 |
| Styre for landskapsparken | overordna planlegging/styring langsigtig strategi organisasjonsmodell selskapsform profil /identitet Ekstern konsulenthjelp | 50.000 | 30.000 | 80.000 |
| Drift | Drift av landskapsparken registrering kontor m/utstyr data/nett rekneskap kompetanseheving | 15.000 30.000 30.000 8.000 | 0 30.000 10.000 10.000 50.000 | 15.000 60.000 40.000 18.000 50.000 |
| Prosjektleder 50% | Dagleg drift koordinering sekreter arkiv henta eksterne midlar | 180.000 | 230.000 | 410.000 |
| Næringsdrivande, grunneigarar og andre | Arbeidsgrupper infrastruktur skogrydding landbruk/kulturlandsk./områdeplan tursti sykkelveg båt/kai mat/overnatting produktpakking sal, marknadsføring og reklame produktutvikling/innovasjon | 70.000 | 150.000 | 220.000 |
| Landskapsparken | Turist/salskontor/samarbeid turistkontor sal og booking informasjon og guiding | | 250.000 | 250.000 |
| Grunneigar/entrep/andre | Praktisk arbeid Hogst Stirydding Skilting Sykkelvegar | 70.000 30.000 | 100.000 50.000 40.000 300.000 | 170.000 50.000 70.000 300.000 |
| Kostnad total | | | | 1.813.000 |
| Finansieringsplan | | | | Sum |
| Prosjektmidlar FMLA | | | | 1.200.000 |
| Kvam Herad | | | | 60.000 |
| SMIL- midlar | | | | 120.000 |
| Skogsmidlar | | | | 60.000 |
| Eigne midlar | | | | 100.000 |
| Andre eksterne midlar | | | | 153.000 |
| Eigen innsats | | | | 120.000 |
| Sum | | | | 1.813.000 |

